



Saksmappe: 2026/393
Sakshandsamar: SBJ
Dato: 22.05.2026

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
77/26	Planutval	01.06.2026

Høring - Planprogram Trafikksikringsplan 2027-2031

Kommunedirektørens si tilråding

Planutvalet varslar med dette oppstart av revidering av trafikksikringsplanen, og vedtek å legge vedlagde planprogram for Trafikksikringsplan 2027-2031 ut på høring og offentlig ettersyn med frist for innspel 1. september 2026.

Planutval si handsaming av sak 77/2026 i møte den 01.06.2026:

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding blei samrøystes vedteke

Vedtak

Planutvalet varslar med dette oppstart av revidering av trafikksikringsplanen, og vedtek å legge vedlagde planprogram for

Trafikksikringsplan 2027-2031 ut på høring og offentlig ettersyn med frist for innspel 1. september 2026.

Saksutgreiing:

Bakgrunn for saka

I tråd med gjeldande planstrategi skal kommunen sin trafikksikringsplan bli revidert i denne perioden. Planen blir utarbeidd som ein tematisk kommunedelplan, og det stiller krav om høyring og vedtak av planprogram. Planprogrammet forklarar kva kommunen skal planleggje, kvifor planen blir laga, og korleis arbeidet skal gå føre seg.

Formelt grunnlag

Planstrategi 2025-2028.

Plan og bygningslova §§ 4-1 og 11-13.

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Revidering av planen har ikkje økonomiske konsekvensar, men tiltaka i handlingsplanen må koplast mot budsjett og utbyggingsavtalar.

Vurderingar og konsekvensar

Hensikta med planprogrammet er å sikre at planarbeidet blir ope, ryddig og forståeleg. Før kommunen lagar sjølve planen, får innbyggjarane høve til å seie meininga si om kva som er viktig å ta omsyn til. På same måte som før, ynskjer ein å ha ein brei medverknad.

Planprogrammet seier mellom anna kva planen handlar om, kva kommunen ønskjer å oppnå, kven som er involverte i arbeidet og korleis innbyggjarar og andre kan kome med innspel.

Planprogrammet blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn. Det betyr at alle som ønskjer det, kan sende inn innspel og forslag. Desse innspela blir vurderte før kommunen går vidare med planarbeidet.

Når planprogrammet er vedteke, fungerer det som ein arbeidsplan for kommunen i det vidare arbeidet. Planarbeidet skal, i tillegg til å vurdere innkomne innspel, evaluere den førre planen og kva som er gjennomført av tiltak frå tidlegare plan.

I tillegg vil aktuelt grunnlag for planarbeidet mellom anna vere bruk av trafiksikkerheitsanalyser og ulykkesstatistikk.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at vedlagte planprogram for revidering av trafiksikringsplanen bli sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det er krav om minimum 6 veker høyringsfrist. Grunna sommarferien blir høyringsfristen for innspel til planprogrammet sett til 1. september 2026.

Bykle, 13.05.2026

kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Planprogram Trafiksikringsplan

Melding om vedtak blir sendt til: